



Store endringer

byrjar ofte smått

Kvito – kven er vi



Kvito AS er ei arbeids- og inkluderingsbedrift som har avdelingar i kommunane **Vinje, Tokke, Kviteseid** og **Nissedal**.

Målet med arbeidet vårt er å gje **deg** rettleiing og hjelp til å kome i arbeid. Vi har solid kompetanse på endringsprosessar, rettleiing og jobbmarknaden, og all vår kompetanse skal kome deg til gode.

Visjonen til Kvito AS er: **Arbeidsglede**

Med det meiner vi at alle har rett til arbeid og ein meningsfylt kvardag, der arbeidsglede skal vera hovudfokus både for tilsette og arbeidstakarar/jobbsøkarar

Verdigrunnlaget vårt, som du ser nedanfor, er dessutan retningsgjevande for alt vårt arbeid:



Med dette meiner vi:

Tillit: Vi vil arbeide aktivt for å bygge tillit til kvarandre og til lokalsamfunnet. Slik at vi skal kunne utgjera ein forskjell for den enkelte.

Toleranse: Vi har tru på at alle har ein plass i arbeidslivet og vi vil arbeide aktivt både internt og eksternt for å skape større toleranse, slik at fleire kan oppleve det.

Tryggleik: Vi vil gjennom vårt samarbeid med den enkelte skape den tryggleiken som må til for å lykkast med å ta neste steg på vegen til arbeid.

Kvito sine etiske retningslinjer finn du på heimesida vår www.kvito.no

Våre Arbeidsretta tiltak


AFT på Kvito

I dette tiltaket skal vi saman ha fokus på kva du ynskjer å jobbe med – og førebu deg på nettopp det. Vår filosofi er at det er du, som arbeidssøkar, som bestemmer farten i AFT. Det er vi, som rettleiarar, som hjelper deg å finne dei moglege vegane å gå. Vår kompetanse på endringsprosessar, rettleiing og jobbmarknaden skal kome deg til gode. Saman finn vi den beste løysinga for deg i din framtidige jobb.

Dette gjer vi ved saman å finne fram til dine **Ressursar** og interesser, og ikkje minst dine **Mål**.

På Kvito har vi ulike arbeidsarenaer der du kan prøve deg ut på ein **trygg** og roleg måte, og vi samarbeider dessutan med mange gode bedrifter som kan tilby deg arbeidstrening.

Målet med tiltaket er at du blir klar for eit arbeid som passar godt for **deg**.



Vanlegvis kan du nytte deg av AFT i inntil eit år, men det er mogleg å forlengje tiltaksperioden, etter avtale med NAV.

Du kan førebu deg til tiltaket ved å reflektere over din eigen situasjon og kva du ynskjer å få hjelp til.

Våre Arbeidsretta tiltak

Avklaring på Kvito

I dette tiltaket skal vi saman ha

fokus på kva **du** ynskjer å

jobbe med – og kva som skal til for at du får til nettopp dette.

Vår filosofi er at du som er i Avklaring skal bli sett og forstått i størst mogleg grad. Det er vi,

som rettleiarar, som hjelper deg å finne dei moglege vegane

å gå. Vår kompetanse på endringsprosessar, rettleiing og jobbmarknaden skal kome deg til gode. Saman finn vi fram til den beste løysinga for deg.



Det gjer vi ved saman å finne fram til dine **Ressursar** og interesser, og ikkje

minst dine **Mål**.

På Kvito har vi ulike arbeidsarenaer der du kan prøve deg ut i avklaringa på ein **trygg** og roleg måte. Dersom det passar betre å prøve deg ut i ei anna bedrift, eller på den jobben du alt har, lagar vi avtale om det.

Målet med tiltaket er at vi saman finn ut kva du treng for å bli klar for eit arbeid som passar godt for **deg**.

Vanlegvis vil du bli avklart på Kvito i løpet av fire veker, men det er mogleg å forlenge tida i tiltaket, etter avtale med NAV.

Du kan førebu deg til tiltaket ved å reflektere over din eigen situasjon og kva du ynskjer å få hjelp til.

Våre Arbeidsretta tiltak

Oppfølging på Kvito

I dette tiltaket skal vi saman ha fokus på kva du ynskjer å jobbe med – og kva som skal til for at du får til nettopp dette. Vår filosofi er at du som er i Oppfølging i størst mogleg grad skal kome kjapt i arbeid. Det er vi, som rettleiarar, som hjelper deg å finne dei moglege vegane å gå. Vår kompetanse på endringsprosessar, rettleiing og jobbmarknaden skal kome deg til gode. Saman finn vi den beste løysinga for deg i din framtidige jobb.

Dette gjer vi ved saman å finne fram til dine **Ressursar** og interesser, og ikkje minst dine **Mål**.



På Kvito har vi ulike arbeidsarenaer der du kan prøve deg ut på ein

trygg og roleg måte. Dersom du allereie har ein jobb, eller at vi saman finn ei bedrift det passar for deg å prøve deg ut hos, lagar vi ei avtale om det.

Målet med tiltaket er at du skal kunne halde fram i det arbeidet du alt har, i ein storleik som passar, eller at du finn anna arbeid som passar godt for **deg**.

Vanlegvis kan du nytte deg av Oppfølging i seks månader, men etter avtale med NAV kan tiltaksperioden forlengast.

Du kan førebu deg til tiltaket ved å reflektere over din eigen situasjon og kva du ynskjer å få hjelp til.

Våre metodar – dine val

Som deltakar på Kvito utarbeider du, saman med tilretteleggaren din, din eigen

handlingsplan.

Denne planen er ei avtale **du** lagar med deg sjølv, tilretteleggaren din og NAV. Den skal hjelpe deg til å få auga på, og å gjennomføre, alle dei små stega du treng for å kome til det **målet** du ynskjer.

Planen tek utgangspunkt i den situasjonen du opplever å vere i akkurat nå, og kva du har av erfaring, kunnskap og sterke sider. Så finn vi saman ut kva som



skal til for at du skal kome deg **vidare** frå nå-situasjonen og dit du ynskjer deg.

Nav har også gitt oss ei bestilling som vi tek med i drøftingane, og med jamne mellomrom evaluerer vi planen din. Då snakkar vi saman om kva som har blitt gjort og korleis det har fungert for deg.

Ofte fører evalueringa til at planen må **endrast**. Det kan vere fordi du har endra målet ditt, eller at arbeidet undervegs har avdekkja nye moglegheiter eller utfordringar som vi skal arbeide i forhold til.

Våre metodar – dine val

I løpet av tiltaksperioden din kan det vere at vi blir enige med ei bedrift om at du skal få prøve deg ut der i ein periode.

Då lagar vi ei **hospiteringsavtale** med den bedrifta, der vi avtalar kva du skal gjere der, kor ofte du skal møte og kor lange arbeidsdagar du skal ha. Du blir ikkje tilsett i bedrifta, og du får derfor ikkje løn derifrå, men du vil framleis få dine utbetalingar frå NAV.

Ei slik hospiteringsavtale gjev deg ein unik sjanse til å **vise** kva du kan,

prøve ut om dette er eit yrke som passar godt for deg, og finne ut av kor mykje det er fornuftig for deg å jobbe. Du blir også kjent med bedrifta, og dei blir kjent med deg.

Vi har lang erfaring med at dette er

ein av dei beste vegane vidare mot **varig arbeid**.



Våre metodar – dine val

Motiverande intervju (MI), også kalla motiverande samtale, er ein effektiv og empatisk metode for **samtaler** om endring, motivasjon og meistring.

Vi gjennomfører konstruktive samtaler der **du** som deltakar får høve til å fortelje di eiga historie og vurdere om det er noko du vil endre. Det er også du som deretter tenkjer ut korleis du best kan få det til.

Meininga er at samtala skal føre til at du **bestemmer** deg for, og bevegar deg i retning av, dine uttalte mål.



MI baserer seg på kunnskapen om korleis samtale kan påvirke din motivasjon for å endre deg, sjølv om du i utgangspunktet har motstridande tankar og kjensler rundt det å endre eiga åtferd.

Våre metodar – dine val



VIP 24 er eit nettbasert **verktøy**, til bruk i utforskinga av dine verdier, interesser og personlege preferansar.

På ein systematisk og interaktiv måte kan du **utforske** eigne interesser og **moglegheiter** innanfor ulike yrke.

VIP24 er basert på eit internasjonalt, velutprøvd teorigrunnlag, der den enkelte person sine interesser blir inndelt i ulike kategoriar.

Kartlegginga kan vere til hjelp for å finne fram til dine **sterke sider**, interesser og moglege yrkesveggar vidare. VIP24 vil kunne kaste lys på kva som skal til for at du skal trivast i ulike situasjonar, noko som er viktig å ta omsyn til for at du skal lukkast i å nå dine mål.

VIP24 hjelper deg til å få auka **innsikt** i din eigen motivasjon, dine friskfaktorar og læringspreferansar. Du får eit verktøy til å identifisere ein personleg utviklingsbane som er relevant til dine personlege behov og evner.

Våre metodar – dine val

Trivselskartlegging (SCI-A) er eit verktøy som mellom anna hjelper deg til å få oversikt over dine **erfaringar** frå skule og arbeid.

Kartlegginga legg vekt på å finne ut av kva som har gitt deg **trivsel**, kva du har opplevd å **meistere** og kva som eventuelt ikkje har vore så positivt for deg.



Ved at du får fortelje livshistoria di på denne måten, kan du få gode peikepinnar om kva det er viktig å få på plass i ditt **framtidige** arbeids- eller utdanningsløp.

SCI-A er utvikla av arbeidspsykolog Arne Svendsrud ved Arbeidspsykologisk institutt.

Våre metodar – dine val

Rådgjevaren er eit kartleggingsverktøy som hjelper deg til å finne ut kva slag ferdigheiter du har når det gjeld lesing, skriving og rekning.

Kartlegginga blir gjort i samarbeid med din tilretteleggar, i ei roleg og **trygg** atmosfære som gjev deg tid og rom for å få synt fram kva **du kan**.

Ved å bruke Rådgjevaren, kan du finne ut om det er noko du må ta omsyn til i samband med vidare arbeid, både medan du er i tiltak og når du skal ut i arbeidslivet.

Dersom det viser seg at du treng hjelp til å øve på lesing, skriving eller rekning, kan vi gje deg **tilbod** om det.

I Kvito har vi solid kompetanse og erfaring innanfor desse områda, og saman med deg

kan vi utforme kursopplegg som **passar** for nettopp deg, og som vi gjennomfører i **ditt tempo**.



Våre metodar – dine val

AI-læring er ei digital opplæringsplattform som du får **tilgang** til, sidan du er deltakar på Kvito.

På denne plattforma vil du finne **kurs** som du kan gjennomføre i eit tempo som passar **deg**.

Kurstilbodet er eit omfattande supplement til andre gruppe- og opplæringstiltak.

Det faglege innhaldet omfattar mellom anna:

Yrkesretta kurs om for eksempel jobb i daglegvarehandel og barnehage.

Jobbsøkarprosessar:

CV/søknad/intervju

Digitale ferdigheiter, å kunne bruke IT-hjelpemiddel



Plattforma er heile tida under utvikling og det blir stadig lagt ut nye kurs, slik at du vil finne ei rekke kurs som kan auke din **kompetanse** innanfor eit aktuelt tema.

Våre interne kurs

Jobbsøk er eit kurs der vi går gjennom alle delar av jobbsøkeprosessen, mellom anna korleis ein finn aktuelle jobbar. **Du lærer**, og trenar på, å skrive søknader, digital søknad, utforming av **CV**, opne søknader, referanser, jobbintervju med meir.



Du får øve deg på å finne ledige stillingar gjennom ulike kanalar. Du får trene på søknadsskriving og skriving av CV, og vi diskuterer og snakkar ein del rundt dette. Vi brukar film eller rollespel til å sjå på ulike intervjusituasjonar, og lagar eigne rollespel

dersom du ynskjer å **øve** meir.

Kurset gjev også eit godt utgangspunkt for vidare individuell opplæring/øving i jobbsøkeprosessen, i samarbeid med din tilretteleggar.

Våre interne kurs

Rettar og plikter i arbeidslivet er eit kurs som tek for seg kva for rettar, normer og reglar som gjeld på ein arbeidsplass.

Vi kjem inn på tema som **tilsetting**, oppseiing, fagforeiningar, **løn**, konflikter på arbeidsplassen med meir, og vi tek for oss dei mest sentrale delane av arbeidsmiljølova og ferielova.

Vidare snakkar vi saman om korleis vi oppfattar desse normene og reglane, og deler **erfaringar**.



Målet med kurset er å få eit betre **innblikk** i kva du som arbeidstakar må rekne med å møte av forventningar og reglar på arbeidsplassen, og i arbeidslivet generelt.

Våre rapporteringar

NAV er vår oppdragsgjevar, og dei ynskjer **tilbakemelding** om korleis det går med deg undervegs, og når du er ferdig på tiltak hos oss. Vi sender derfor statusrapportar til NAV med jamne mellomrom, som oftast kvar tredje måned, avhengig av kva for eit tiltak du deltek i. Statusrapportane tek for seg kva som har blitt gjort i den aktuelle perioden, og kva du har oppnådd med utgangspunkt i handlingsplanen din. Vidare fortel dei kva planen din er vidare, og kva for **mål** du har for den neste perioden.



Når du er ferdig med opplegget på Kvito, sender vi ein sluttrapport til NAV. Denne rapporten brukar NAV i sitt vidare arbeid saman med deg.

Sluttrapporten **oppsummerer** heile tiltaksperioden, og fortel kva vi tenkjer kan vere nyttig for deg framover.

Du vil alltid få lese gjennom og kommentere rapportane før vi sender dei til NAV, og du vil alltid få ditt eige eksemplar av rapporten.

TEIEPLIKT

Underteikna arbeidstakar/jobbsøkar

som er tilsett eller i tiltak ved verksemda Kvito AS, vil med dette ha teieplikt om opplysingar eg får på arbeidsplassen.

Det gjeld opplysingar om andre arbeidstakarar/jobbsøkarar: Eg har ikkje lov å gje ut opplysingar om deira helse eller særskilde behov dei kan ha i høve til arbeid.

Eg har heller ikkje lov å gje opplysingar om oppskrifter, arbeidsteikningar eller arbeidsbeskrivingar av produkt som er utarbeidd av verksemda.

Teieplikta gjeld og etter at tida i verksemda er avslutta.

Stad og dato:

.....

Arbeidstakar/jobbsøkar

RETTIGHETSDOKUMENT

Som jobbsøkar eller vta-tilsett på Kvito as har du både rettar og plikter.

Rettar

- Eit respektfullt, trygt og triveleg arbeidsmiljø
- Likeverdig behandling uavhengig av alder, funksjonsnivå, etnisk bakgrunn, kjønn, religion/livssyn, seksuell legning og politisk ståstad
- Konfidensiell behandling av alle opplysningar vi har om deg
- Innsyn i egne dokument
- Ein eigen tilretteleggar/kontaktperson å forhalde deg til
- Regelmessig oppfølging av, og individuelle samtaler med, din tilretteleggar/kontaktperson
- Individuelt tilrettelagt tilbod i tråd med bestilling frå NAV/kommune
- Din eigen handlingsplan, som du sjølv er aktivt med på å utforme
- Å vera med på å utforme og utvikle Kvito as sine tenestar gjennom tilbakemeldingar til tilretteleggar/arbeidsleiar, forslagskasse eller klagesystem
- Nødvendig og høveleg bistand for å koma i jobb eller utdanning
- At vi har fokus på din livskvalitet og bidreg til å auke den
- At vi har fokus på ditt sjølvstende og din lyst til å gå vidare i livet for å nå dine mål.
- Tilrettelegging av arbeidsoppgåver
- Nødvendig arbeidstøy/verneutstyr
- Å klage over det tilbodet du får

Vta-tilsette har i tillegg rett til

- Skriftleg arbeidsavtale
- Individuelt tilpassa arbeidstid
- Velferdspermisjon etter gjeldande avtale
- Ferie etter ferielova
- Bonusløn etter gjeldande reglar

Plikter

- Å bidra til eit triveleg og godt arbeidsmiljø
- Å behandle alle du møter på Kvito as med respekt, uavhengig av alder, funksjonsnivå, etnisk bakgrunn, kjønn, religion/livssyn, seksuell legning og politisk ståstad
- Teieplikt om alt som gjeld andre jobbsøkarar/vta-tilsette
- Å bidra aktivt for å oppnå dine eigne mål og betre dine sjansar til å koma i jobb eller utdanning
- Å utarbeide din eigen handlingsplan saman med tilretteleggar
- Å fylgje opp det som er avtalt i handlingsplanen din
- Å fylgje dei reglar og rutiner som gjeld på din arbeids- /tiltaksstad
- Å fylgje avtalt arbeidstidsplan
- Å fylgje individuelle avtaler
- Å melde frå om fråvær så snart som råd
- Kvito as har forbod mot bruk, oppbevaring og omsetting av alkohol og andre rusmidlar på alle våre arbeids-/tiltaksstader

Rettane er mellom anna basert på Europeiske menneskerettskonvensjonar

Kvito fylger arbeidsmiljøloven

I tillegg har Kvito eigne reglar innan HMS

KLAGESKJEMA

Dersom du ser noko vi gjer feil på Kvito, om det er noko du ikkje er nøgd med, eller noko du elles vil at vi skal vite om, ynskjer vi fyrst av alt at du tek dette opp i samtale med din tilretteleggar. Dersom du opplever at det ikkje er nok, kan du bruke dette skjemaet til ei skriftleg klage. Du kan legge ved ekstra ark om du treng det.

Du kan fritt velje om du vil skrive namnet ditt under, eller å levere klaga anonymt.

Utfylt skjema kan du levere til ein av dei tilsette i Kvito, eller sende det til Kvito AS v/dagleg leiar, Dalsvegen 28, 3890 Vinje. Du kan også legge det i meldingskasse på avdelinga der du held til.

Klaga blir handsama i leiargruppa ved Kvito as.

Dersom du har skrive under på klaga, vil du få eit svar, med eventuelt tiltak til forbetring, innan 14 dagar.

Anonyme klager blir handsama etter same prosedyre, men svar vil bli gitt i felles møte (husmøte, personalmøte).

KLAGE:

Dato:.....

Namn på innsendar:.....

Personvernerklæring

Denne personvernerklæringa fortel korleis Kvito AS samlar inn og brukar personopplysningar.

BEHANDLINGSANSVARLEG

Dagleg leiar for Kvito AS er behandlingsansvarleg for alle personopplysningar som blir behandla av Kvito AS knytt til ordinært tilsette, vta-tilsette og kundar.

Nav er behandlingsansvarleg for alle personopplysningar som gjeld jobbsøkjjarar i arbeidsretta tiltak vi leverer på oppdrag for NAV. Vestfold og Telemark fylkeskommune er behandlingsansvarleg for personopplysningar som gjeld jobbsøkjjarar i tiltak vi leverer på oppdrag for fylkeskommunen. Den enkelte kommune er behandlingsansvarleg for personopplysningar som gjeld jobbsøkjjarar i tiltak vi leverer på oppdrag for kommunen.

Formål

For personopplysningar som gjeld ordinært tilsette og vta-tilsette er formålet med å behandle personopplysningar knytt til personaladministrasjon, slik som utbetaling av lønn, registrering av frammøte, handtering av sjukefråver og så vidare. Personopplysningar knytt til tilsette blir henta inn direkte frå den registrerte, og frå offentlege myndigheiter slik som NAV og skatteetaten.

For personopplysningar som gjeld kundar er behandlingsformålet ordrebehandling og leveranse av varer og tenester. Personopplysningar knytt til kundar blir henta inn direkte frå kunden.

For personopplysningar som gjeld jobbsøkjjarar i arbeidsretta tiltak er formålet med handlinga å levere ei teneste i høve til kontrakt med NAV, Vestfold og Telemark fylkeskommune og den enkelte kommune. Personopplysningar knytt til jobbsøkjjarar mottok Kvito AS frå NAV, Vestfold og Telemark fylkeskommune og den enkelte kommune. I tillegg hentar Kvito AS inn personopplysningar direkte frå jobbsøkjjar.

BEHANDLINGSGRUNNLAG

Personopplysningsloven artikkel 6b

RETTANE TIL DEN REGISTRERTE

Rett til avgrensa behandling: Den registrerte kan ha rett til å krevje avgrensing av behandling av eigne personopplysningar. Dette inneber at personopplysningane ikkje kan brukast til noko, berre lagrast.

- Rett til innsyn: Den registrerte har rett til innsyn i personopplysningar som gjeld ein sjølv.
- Rett til sletting: Den registrerte har rett til å be om at Kvito AS rettar eller slettar opplysningar om den registrerte når dei er feilaktige, mangelfulle eller unødvendige.
- Rett til dataportabilitet: Den registrerte har rett til å ta med seg sine personopplysningar frå ei verksemd til ei anna.
- Retten til å motsette seg automatiserte avgjerder og profilering: Automatiserte avgjerder er vedtak som berre er basert på maskinell behandling. Profilering vil seia å utføre ei maskinell analyse for å vurdere ein person si helse, økonomiske situasjon, arbeidsprestasjonar, åtferd eller liknande.

Ynskjer du å gjera dine rettar gjeldande, kan du få hjelp til dette av Kvito AS sitt personvernombod. Sjå kontaktopplysningar til Kvito AS sitt personvernombod på siste sida.

TIDSRAMME FOR BEHANDLINGA

Personopplysningar som Kvito AS behandlar knytt til tilsette vil bli sletta etter eit år etter at tilsettingsforholdet er avslutta. Unntaket frå dette er personopplysningar som blir behandla i høve til rekneskapsloven.

Personopplysningar som Kvito AS behandlar knytt til Kvito AS sine kundar vil bli sletta eit år etter at siste ordre er registrert.

Personopplysningar knytt til jobbsøkjjarar slettast 3 månader etter at sluttrapport er sendt til NAV.

SIKRING AV PERSONOPPLYSNINGAR

Kvito AS lagrar personopplysningar i eigna dataregister. Alle systema har tilgangsstyring som sikrar at uvedkomande ikkje har tilgjenge til personopplysningar. Vidare gjennomfører Kvito AS jamnleg internkontroll for å sikre at personopplysningar blir behandla i tråd med lovverk og prosedyrer.

UTLEVERING AV PERSONOPPLYSNINGAR

Kvito AS utleverer ikkje personopplysningar for ordinært tilsette eller kundar til tredjepart, med mindre det er eit offentleg organ som har krav på opplysningane med heimel i lov. Når det gjeld personopplysningar knytt til jobbsøkjjarar og vta-tilsette blir opplysningane berre utleverte til behandlingsansvarleg, det vil seia NAV, Vestfold og Telemark fylkeskommune eller den enkelte kommune.

PERSONVERNOMBOD

Eit personvernombod er ein person som er utpeika av ein behandlingsansvarleg og godkjent av Datatilsynet. Personvernombodet har som oppgåve å bidra til at den behandlingsansvarlege følgjer regelverket for personvern.

Dette inneber mellom anna å

- sjå til at behandlingar av personopplysningar blir meldt til ombodet, og at meldingane inneheld korrekte og tilstrekkelege opplysningar.
- å føre ei systematisk og offentleg tilgjengeleg oversikt over behandlingane.
- å sjå til at behandlingsansvarleg har eit system for internkontroll som tilfredsstillar personopplysningslovverket.
- å hjelpe dei registrerte med å ivareta deira rettar etter reglane om behandling av personopplysningar, å påpeike brot på personopplysningsloven til behandlingsansvarleg.
- å gje Datatilsynet opplysningar dersom tilsynet ber om det, mellom anna føreta undersøkingar i konkrete saker, å halde seg orientert om utviklinga innan personvern.
- gje råd og rettleiing til behandlingsansvarleg om behandling av personopplysningar og reglane for dette.

Du kan lese meir om rettane dine på Datatilsynet sine nettsider:

<https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/den-registrertes-rettigheter/>

BEHANDLINGSANSVARLEG OG KONTAKTINFORMASJON

Behandlingsansvarleg er:

Kvito As v/dagleg leiar Torbjørn Blichfeldt Dyrland, 932 61 670

Dalsegen 28 3890 Vinje

Org.nr.: 971 172 207

Personvernombod i Kvito AS, som du kan kontakte om du vil ha informasjon om kva som er registrert, retting og sletting av opplysningar, er:

Åse Synøve Neshet, tlf.: 35 60 73 12/468 65 520

epost: aase.neshet@kvito.no

Du kan også kontakte oss på epost: post@kvito.no eller telefon 35 07 75 00